



Fløysand Va AS
Fløksand
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykker:
Vår: 17/891 - 17/7732

Saksbehandlar:
Merethe Tvedt
merethe.tvedt@meland.kommune.no

Dato:
25.04.2017

Godkjenning- Søknad om legging av avlaupsleidning og tilkopling til kommunalt VA- GBNR 42/95

Administrativt vedtak. Saknr: 112/2017

Tiltakshavar: Venke og Torleif Hjertås
Ansvarleg søker: Fløysand VA AS
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (tbl.) § 20-1

SAKSUTGREIING:

Omsøkt tiltak:

Fløysand VA AS har på vegne av Venke og Torleif Hjertås søkt om løyve til graving av grøft for nedlegging av avlaupsleidningar samt tilkopling til kommunalt avlaupsnett til sin einebustad på gbnr 42/95 i søknad journalført motteke 10.4.2017. Søknadsplikten etter plan- og bygningslova følgjer av § 20-1.

Leidningsgrøfta er i situasjonskart vist at vil gå over gbnr 42/6. Det ligg føre avtale frå eigar av gbnr 42/6 om løyve til å leggja grøfta over deira grunn.

Eigedommen har i dag privat avlaupsløysing med slamavskiljar. Slamavskiljar skal koplast ut ved tilknytning til kommunalt anlegg.

Det vert vist til søknad med vedlegg journalført motteke 10.4.2017.

VURDERING:

Fjerning av av slamavskiljar:

Postadresse
postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt
www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Slamavskiljar som ikkje lenger er i bruk skal sikrast. Dette kan gjerast ved at den vert fjerna eller ved at den vert tømde og fylt att med steinmassar. Eigar må sjølv syta for naudsynt tømming og sikring av slamavskiljar. Tilknytning til slamtømmeordningen går ut.

Nabovarsling:

Tiltaket har ikkje vore nabovarsla. Vedlagt søknaden ligg skøyte med rett til gbnr 42/95 om å leggje avlaupsleidning over hovudbruket. Kommunen vurderer det slik at nabo er kjent med tiltaket, og kommunen krev difor ikkje ytterlegare nabovarsling, jf. pbl § 21-3 andre ledd.

Lov- og plangrunnlag:

Plassering av avlaups- leidningar er søknadspliktig etter pbl § 20-2, jf. § 20-1 bokstav a). Tiltaket er omsøkt etter Pbl § 20-3, søknadspliktig med krav om ansvarleg føretak.

Gbnr 42/95 ligg i kommuneplanen sin arealdel (KPA) opplista i tabell 9.1 Bygde bustadeigedomar med status som LNF-spreidd bustad. Tilkoplingspunktet ligg på gbnr 42/6, og deler av leidningstraen blir ligganes på denne eigedommen som er ein landbrukselgdom (LNF- område). Ettersom plasseringa i dette tilfellet ikkje vil gje varige sår i terrenget eller vanskeleggjere landbruksdrifta, kan administrasjonen ikkje sjå at tiltaket er i strid med LNF-formålet. Vi føreset i den samanheng at terrenget vert tilbakeført og sådd i.

Plassering:

Det følgjer av pbl § 29-4 første ledd at kommunen skal godkjenne eit byggverk si plassering, og at byggverk skal ha 4 meters avstand til nabogrenser, jf. andre ledd. For varige konstruksjonar gjeld føresegna så langt den passar, jf. pbl § 30-4 første ledd. På bakgrunn av omsøkt plassering kan administrasjonen ikkje sjå at avstandskravet i pbl § 29-4 gjer seg gjeldande i dette tilfellet, då omsynet til brannsikkerhet, lys og luft ikkje får betydning.

Privat rett til framføring og tilkopling av vass- og avlaupsleidning:

Det følgjer av pbl § 27-2 at «*[r]ettighet til å føre avløpsledning over annens grunn, alternativt til å knytte seg til felles ledningsnett, skal være sikret ved tinglyst dokument eller på annen måte som kommunen godtar som tilfredsstillende.*» Det same gjeld for plassering av avlaupsleidning, samt tilkopling til felles leidningsnett, etter pbl § 27-2.

Vedlagt søknaden ligg kopi av skøyte om rett til å leggje leidningar over gbnr 42/6, administrasjonen finn at eigedommen har sikra rett til etablering av grøft for framføring av avlaupsleidning, i samsvar med pbl §§ 27-1 og 27-2.

Tilkopling skal skje som vist på situasjonsplan innsendt av Fløysand VA, AS journalført 10.4.2017.

Ansvarsrett:

Ansvarsrett og tiltaksklasse i saka går fram av erklæring om ansvarsrett, journalført motteke 10.4.2017. Ansvarleg i byggjesaker står inne for at tiltaket vert utført i samsvar med krav gitt i eller i medhald av denne lova, jf. pbl § 23-1, og sjå til at alle oppgåver er belagt med ansvar, jf. pbl § 23-4 andre ledd.

VEDTAK:

«Meland kommune gjev i medhald av pbl § 20-1 løyve til plassering av avlaupsleidningar på gbnr 42/95 og gbnr 42/6 i samsvar med søknad journalført 10.4.2017. Grunngjevinga for vedtaket går fram av saksutgreiing og vurdering ovanfor. Plassering og utføring av tiltaket skal vera som vist på situasjonskart motteke same dato og terrenget skal tilbakeførast og såast i. Ansvarsrettar gjeld i samsvar med innsendt erklæring, jf vurderinga ovanfor.

Dei opplysningar om byggjetiltak og tiltakshavar som kjem fram i søknaden vert registrert i Matrikkelen, jf Matrikkellova, som er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustader og adresse.

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong seinast innan tre år etter at byggjeløyvet vart gjeve, fell det bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn to år, jf pbl § 21-9. Tiltaket skal utførast i samsvar med krav og vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, så framt ikkje anna er bestemt ovanfor eller gjennom tidlegare godkjenning.

Meland kommune godkjenner at eigedommen vert knytt til kommunalt VA-anlegg på følgjande vilkår:

- Tilknytinga skjer på dei vilkår som kommunen *har fastsett i forskrift, retningsliner og leveringsavtale*.
- Alle sanitærinstallasjonar skal følgje standard abonnementsvilkår for vatn og avlaup, jf. *kommuneforlaget*.
- Tilknyting skal skje i kum. Melding om dokumentasjon frå utførande røyrleggjar skal sendast kommunen når tilknytinga er utført.*
- Gebyr skal betalast i samsvar med gjeldande gebyrregulativ, der tilknytingsgebyret for vatn er kr 20 000,- + mva ..»*

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det blir klagat på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast sørksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Gebyr for sakshandsaminga blir ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det blir kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Merethe Tvedt
byggjesakkonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om løkke til tiltak GBNR 42/95

Situasjonskart

Søknad om nytt sanitærabonnement GBNR 42/95

Mottakere:

Fløysand Va AS

Fløksand

5918

FREKHAUG